

SAK 08/16 MØTE MED LENSMENNENE I HALLINGDAL, NÆRPOLITIREFORMA

Saksopplysning

Med bakgrunn i Stortinget si handsaming av Prop. 61 LS (2014–2015) «Endringer i politiloven mv.(trygghet i hverdagen – nærpolitireformen)» er det gjort endringer i høve til ny politidistriktsinndeling med reduksjon frå 27 til 12 politidistrikt, gjeldande frå 1.1.2016.

Hallingdal er no ein del av politidistrikt Sør-Øst, som er Telemark, Vestfold, Buskerud og Jevnaker kommune i Oppland. Hovudsete er lagt til Tønsberg, i utkanten av det nye politidistriktet.

Målet med reformen er: *«et nærpolti som er operativt, synlig og tilgjengelig, og som har kapasitet og kompetanse til å forebygge, etterforske og påtale kriminelle handlinger, og sikre innbyggernes trygghet.»*

Nærpolitireforma skal ha desse hovudelementa:

- styrking av nærpolitiet gjennom krav til polititjenesten
- færre, men mer robuste og kompetente politidistrikter
- mer samarbeid mellom politiet og kommunene
- noe færre oppgaver for politiet

Spørsmålet om korleis politiet sin lokale struktur skal sjå ut i framtida er ikkje avklart, men prosessen har starta.


Politiet skal no gjennomgå den lokale tenestestrukturen, og bestemme eventuelle samanslåingar av lensmannskontor. Det er politimeisteren som skal finne ei god organisering av politiet lokalt i det enkelte politidistrikt. Dette skal skje etter involvering av kommunane, slik at ein finn dei gode løysingane for å førebyggje kriminalitet og skape trygghet for innbyggjarane. Stortinget har definert ei rekkje krav til korleis endringar av lokal struktur skal skje, m.a. i forhold til krav til responstid, reiseavstand m.m. Kommunar som blir råka av endringar får mogelegheit til å klage på endringar til Justisdepartementet.

Det blir sagt at utviklinga av norsk politi må organiserast på ein måte som fører til at den er lokalt forankra, men at den også må kunne styrast og utviklat heilskapleg. Departementet legg til grunn at det framleis vil vera behov for at innbyggjarane kan møte opp fysisk på lensmannskontora. Samstundes gjer ny teknologi det mogeleg at meir av politiarbeidet kan ivaretakast utanfor dei faste tenestestadane og at politiet kan kommunisere med innbyggjarane gjennom fleire kanalar enn før. Det er sagt at talet på tenestestader bør reduserast, men ikkje så mykje som i politianalysa sine anslag.

Vurdering

Det som vil vera viktig for Hallingdal er korleis «nærpolitireforma» kan gagne Hallingdal på ein best mogeleg måte, ut frå dei målsettingar som er lagt. Den framtidige lokale strukturen må fyrst og fremst sjåast på som eit verktøy for å oppnå best mogeleg polititjeneste.

For å ha eit best mogeleg utgangspunkt for vurderingar er det etter dagleg leiar sitt syn viktig å ha ei felles forståing kva som ligg i omgrepet «nærpolti».



Omgrepet «nærpoliti» vart opprinneleg lansert av politirolleutvalet som vart oppretta i 1976 for å utgreie kva rolle og oppgåver det norske politiet skulle ha. I november 1981 foreslo politirolleutvalet ti grunnprinsipp for norsk politi som til saman skulle utgjera ein verdimodell kalla «nærpolitiet». Dei ti grunnprinsippa var at; politiet skulle avspegle samfunnet sine ideal, at det skulle vera eit sivilt preg, at det skulle vera eit einheitspoliti, at det skulle vera desentralisert, at politifolk skulle vera generalistar, at politiet skulle virke i samspel med publikum, at politiet skulle vera integrert i lokalsamfunnet, at politiet skulle ha brei rekruttering, at politiet skulle prioritere førebyggjande arbeid og at det skulle vera underlagt effektiv kontroll frå samfunnet si side. Nærpolitimodellen fekk Stortinget si tilslutning under handsaminga av stortingsmelding 23 (1991-92) om bekjemping av kriminalitet, og har sidan vore lagt til grunn for utvikling av norsk politi.

I politianalyse NOU 2013-9 «Ett politi – rustet til å møte fremtidens utfordringer» bli ikkje nærpoliti eller «nærpolitimodell» nytta ein gong (263 sider). Dei ti grunnprinsippa er heller ikkje omtala. Men ordet effektiv(t) er brukt 449 gonger. Men i Prop. 61 LS (2014–2015) «Endringer i politiloven mv. (trygghet i hverdagen – nærpolitireformen)» er nærpoliti(reformen) nytta 139 gonger, utan at nærpoliti er nærare definert. Er det slik at «nærpoliti» gradvis har fått ei ny meaning, der det er sterkare vekt på marknadsøkonomi og effektivitet, i forhold til geografi og relasjonar, utan at det er uttrykt?

I samband med handsaminga av Prop. 61 LS (2014–2015) vart nærpolitiet framheva som svært viktig. Det vart understreka betydinga av tilstrekkeleg bemanning og ressurstilgang for at politiet skal kunne sikre å vera tilstades i lokalmiljøa og styrke beredskapsevna. Dette betyr eit politi som kjenner lokalmiljøet godt nok til å førebyggje kriminalitet, og til å reagere raskt dersom noko gale skulle skje. Det betyr og eit politi som kjenner naud- og beredskapsetatane i sitt lokalsamfunn, og som har systematisk samarbeid med dei og dei frivillige organisasjonane. Poenget er med andre ord å styrke politiet sitt nærvær der folk bur. Tilgang og beredskap er grunnleggjande for tilliten politiet har i befolkninga. Derfor er det også satt krav til m.a. responstid og publikumsservice.

Det blir understreka at nærpolitiet har ei base som gjer dei tilgjengelege og som gjer at dei buset seg i lokalmiljøet. Det står at det skal vurderast incentivordningar for å sikre at tenestemenn og –kvinner skal busette seg i heile distriktet. På kort sikt kan dette kanskje verke, men all erfaring syner at tilsette over tid blir busett nær arbeidsplassen. Den beste incentivordninga for busetting lokalt vil vera å få tenestestadar i nærmiljøet.

Når framtidig struktur og bemanning skal vurderast for Hallingdal vil det også vera svært viktig at det blir teke omsyn til Hallingdal sin heilt spesielle situasjon, i forhold til turisme og Hallingdal som hovudferdselsåra mellom aust og vest.

Etter dagleg leiar sitt syn vil det vera ei styrke for Hallingdal og den vidare prosessen, dersom regionen har klare, samlande og konstruktive synspunkt, på korleis Hallingdal best kan bygge opp under intensjonane med nærpolitireforma.

Hallingdal 18.2.2016

Knut Arne Gurigard
Dagleg leiar